

Over 50 personar bur no i Ospelunden.

08.06.2016



Klart til bygging i Ospelunden.

Oppbygginga av Ospelunden Byggjefelt har gått fort. Ei kjapp folketeljing fortel at det no bur over 50 personar i dette feltet. Det viser litt om kor mykje det betyr for Uskedalen. Og det stoppar ikkje med dette. Det føregår framleis god aktivitet i feltet, og mange har no lagt merke til at det er sett i gang maskinarbeid over huset til Nordli.



Renskar av til ny veg.

Oddbjørn Kroka fortel at arbeidet øvst i indre del av feltet er å renska av der det er planlagt at vegen skal koma. Dei renskar no av for å sjå kva som møter dei. Det er Johnny Naustvik frå Dimmelsvik Entreprenør AS som gjer arbeidet. Kroka fortel at han no held på med søknad om igangsetjingsløyve for bygging av vegane, og han håpar at dei skal koma i gang med å byggja dei til vinteren/våren.

- Di fortare vi får selt eit par tomter, di fortare kjem vegane, seier Kroka.

Shirley og Jan Nordli frå Odda er no flytta inn i den flotte einebustaden dei har bygt i feltet. I den er det også kjellarleilighet, og den gjekk det svært greitt å få leigt ut. Brødrene Røssland er godt i gang med arbeidet med tomannsbustaden dei byggjer ved innkøyrsla til feltet. Der er det kome opp fine gråsteinmurar, og no er det også støypt ringmur og lagt røyr i grunnen til sjøve huset. Etter det eg skjønar er det no planen at huset vert bygt fortløpande. Elles ligg Ospelunden også i startgropa med tanke på bygging av tremannsbustaden i ytre delen av feltet ved sida av Koløy.

Også i Nedre Halsane byggjefelt skjer det ting. Der er det no klart med ringmur og grunnarbeid til einebustaden.



[Klart til bygging i Nedre Halsane](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.